



Arkivnr: 2014/10791-1  
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen, Hans Inge Gloppen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014

## Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014

### Samandrag

«Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014» erstattar tidlegare Regionalt Utviklingsprogram (RUP). Bakgrunnen for dette er at RUP hadde eit vidare perspektiv enn berre å vere eit handlingsprogram. Når no «Regional næringsplan for Hordland 2013-2017» trekkjer opp dei overordna mål og rammer for næringsutviklingsarbeidet i planperioden, er det riktig å gjere om RUP til eit meir fokusert handlingsprogrammet for næringsplanen.

«Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014» er utarbeidd i nært samarbeid med Regionalt Næringsforum, og etter innspel frå sentrale nærings- og utviklingsaktørar som Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen og Maritimt Forum for Bergensregionen. I saka er det foreslått korleis midlane til regional næringsutvikling på 66,16 millionar kroner skal disponerast i 2014. Hovuddelen av midlane er overføringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (60,732 millionar kroner). I tillegg inngår 3,026 millionar kroner frå fylkeskommunen sitt eige budsjett, og 2,402 millionar kroner i renter frå midlar som ikkje er utbetalte fordi prosjekta ikkje er avslutta.

Grunna ein meir tidkrevande prosess for utarbeiding av nytt handlingsprogram blir saka fremma direkte for fylkesutvalet utan først å bli handsama i dei faste utvala.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

## Fylkesrådmannen, 06.02.2014

### 1. Bakgrunn

«*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*». Dei statlege føringane som blir gitt gjennom dei årlege tildelingsbrev er også sentrale for virkemiddelbruken knytt til handlingsprogrammet. Desse føringane er innarbeidd i handlingsprogrammet.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av måla og dei definerte innsatsområda i handlingsprogrammet. Dette vil få innverknad på søknadshandsaming og forvaltning av dei økonomiske verkemidla. Forvaltninga av virkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge (IN) og dei regionale næringsfonda. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknadar om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Dei regionale næringsfonda handsamar mindre søknader, og søknader av lokal karakter.

I denne saka fremmer fylkesrådmannen «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» til godkjenning. Sjølve programmet ligg som vedlegg til saka.

### 2. Tidlegare handsaming

«*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*» blei handsama av fylkestinget som Sak 31/13 den 11.06.13 kor det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkestinget vedtek med dette Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, med slike endringar:*

*Tillegg:*

*Kap. 3.1.1. ....mellom anna teknikk og industriell produksjon, marine og maritime næringar, bygg og anlegg .....*

*Tillegg 3.1.2 (etter 1. avsnitt):*

*Havbruks- og fiskerinæringa er særst viktig for Hordaland. Me har ei sterk forskingsklynge på området, hovudkontora til fleire store selskap i sektoren ligg i fylket, og næringa er viktig for sysselsetjing i distrikta. For Hordaland fylkeskommune er det heilt avgjerande å vere med på å leggje gode rammevilkår for ei næring med godt potensiale for vekst og utvikling.*

*Tillegg 3.1.3 (etter 1. avsnitt):*

*Mykje av Hordalands tyngre industri er knytt til desse tre næringane. Dei bidreg med vedlikehald, skipsbygging og andre viktige komponentar til dei næringsaktørane som er direkte knytte til olje, gass, marin og maritim. Det betyr m.a. at sjølv om Hordaland har eit variert næringsliv, så er dei sterkt knytt saman. Den eines suksess er den andres levebrød. Dette understrekar kor viktig forskning og utvikling er for å sikre framtidens arbeidsplassar i næringar kor særleg miljø- og klimautfordringane vil spele ei betydeleg rolle. Hordaland fylkeskommune og andre offentlege aktørar må difor i mykje større grad våge å nytte seg av teknologi og kunnskap m.a. gjennom krav til anbudsprosessar og pilotprosjekt.*

*Nytt kulepunkt 5.1:*

*- mellom næringslivets behov og tilbudsstrukturen i den vidaregåande skulen.*

*5.4.2 (erstattar 1. avsnitt):*

*Ved overgangen til vidaregåande skule er mange søkjarar usikre på kva for eit val dei skal ta. For å syte for at så få som mogeleg må ta omval må ein betre rådgivinga på ungdomsskulenivå.*

*Samstundes må Hordaland fylkeskommune meir aktivt bidra til at informasjon om tilgjengelege*

*lære plassar/ arbeidsplassar blir gjort kjent for søkerane. Dette må gjerast i samarbeid med partane i næringslivet. Her har og Hordaland fylkeskommune eit stort ansvar for å sikre at det er ein samanheng mellom næringslivets behov og talet på plassar pr. studieprogram.*

*Tillegg:*

*Kap. 5.5.2: Eit viktig tiltak for næringslivet i distrikta er dei tekniske og maritime fagskulane.*

*Tillegg til punkt 5.5.5:*

*Styrke kompetansen i framandspråk. Hordaland har eit næringsliv som er veldig knytt til eksport. Det vil difor vere viktig med god språkkompetanse i næringslivet. For å få til dette er det naudsynt å styrkje framandspråkopplæringa i den vidaregåande skulen.*

## 2. Regionalt utviklingsprogram vert nytta som handlingsprogram for Regional næringsplan i 2013.

Endringane vart teke omsyn til og innarbeidd i det endelege dokumentet. Regionalt Utviklingsprogram (RUP) vart nytta som handlingsprogram for arbeidet med regional næringsutvikling i 2013, men det vart i saksframlegget gjort greie for at det frå 2014 skulle utarbeidast eit nytt handlingsprogram for regional næringsutvikling tilpassa den nye næringsplanen.

### 3. Om prosessen

Handlingsprogrammet er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum for Bergensregionen og Opplæringsavdelinga.

Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til plan i to møte. I sitt møte 05. februar 2014 gjorde dei slikt vedtak:

*«RNF tilrår fylkesutvalet å vedta Handlingsprogram for næringsutvikling 2014 med dei endringane som kom fram i møtet».*

RNF hadde i tillegg desse merknadane i samband med handsaminga av handlingsprogrammet:

1. *RNF ber om at ein vurderer å endre/justere gjeldande visjon i Regional næringsplan for Hordaland 2014 – 2017 dersom denne blir revidert i perioden.*
2. *RNF vil ta ein ny gjennomgang at resultat- og effektmåla i samband med revisjonen av handlingsprogrammet for 2015. Vidare vil ein vurdere om rammene til regionale næringsfond skal overførast til bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge.*

Fylkesrådmannen vil vurdere behovet for ein eventuell revisjon av regional næringsplan, og vil i så fall komme attende med ei eiga sak om dette. Punkt 2 i merknadane vil bli følgt opp i samarbeid med RNF.

### 4. Kort omtale av «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014»

*«Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014»* erstattar tidlegare Regionalt Utviklingsprogram (RUP). Bakgrunnen for dette er at RUP etterkvart hadde blitt eit relativt omfattande dokument som hadde eit vidare perspektiv enn berre å vere eit handlingsprogram. Når no *«Regional næringsplan for Hordland 2013-2017»* trekkjer opp dei overordna mål og rammer for næringsutviklingsarbeidet i planperioden, er det riktig å redusere innhaldet i handlingsprogrammet og gjere det meir fokusert som eit handlingsprogram for næringsplanen. Det inneberer at omtale av partnerskap samt forankring av mål og strategiar kan utgå. Vidare kan omtalen av moglegheiter og utfordringar kortast ned til ei kort omtale av det som er særleg relevant for det neste året eller to.

Det blir lagt til grunn at det nye handlingsprogrammet framleis skal vere styrande for bruken av regionale, næringsretta utviklingsmidlar. I prinsippet kan ein tenke seg to tilnærmingar til forvaltning av desse midlane. Enten kan ein prioritera og plukke ut dei prosjekta og tiltaka som skal få midlar via handlingsprogrammet allereie ved utarbeiding av programmet og deretter vedta dette saman med programmet, eller så kan ein helda av delar av midlane som søkbare midlar kor ulike aktørar kan søke om tilskott til sine prosjekt. Det er

den siste modellen som har blitt følgt i RUP, og som no vert vidareført i dei årlege handlingsprogramma. Dette gjer at vi får meir fleksibel sakshandsaming, og større mangfald og breidde i prosjekta. Sidan det nye handlingsprogrammet har søkbare midlar er det ikkje for detaljert når det gjeld å prioritere konkrete prosjekt. Eit for detaljert handlingsprogram kan verke hemmande på søknadstilfanget. Det kan også innebere at fylkeskommunen som «eigar» av handlingsprogrammet vil bli tillagt eit ansvar for å setja i gong og gjennomføra prosjekt som det ikkje er meininga vi skal ha.


Den største skilnaden i høve til tidlegare RUP, er at bransjeuavhengige satsingane no har fått langt høgare prioritet i tråd med hovudstrategiane i «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*»:

**Hovudstrategi 1:** Meir entreprenørskap og innovasjon,

**Hovudstrategi 2:** Fleire med meir relevant kompetanse

**Hovudstrategi 3:** Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

Hovudstrategiane i næringsplanen er sektoruavhengige, og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Konsekvensen av dette er at handlingsprogrammet framleis vil ha eit fokus på viktige næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. Alle desse næringane har spesielle fortrinn i Hordaland, og dei har også stort potensiale for vekst og internasjonal utvikling. I tillegg vil landbruk, som ei viktig distriktsnærings, og media- og kulturbasert næringsliv, som har stor innovativ kraft, vera næringar med særskilt fokus. Tilhøvet mellom regional næringsplan, handlingsprogram og strategiske innsatsområder er skissert nedanfor:



Skjematisk oversikt over korleis handlingsprogrammet er tilpassa «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*»

## 5. Disponering av økonomiske verkemidlar i 2014

### Nasjonale og regionale føringar for bruken av midlane

Midlane til tiltak under «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» er i hovudsak øyremerka statlege overføringar til fylkeskommunen for å styrkja næringsutvikling, busetjing og verdiskaping. Posten blir supplert med løyvingar over fylkesbudsjettet. Opptente renter frå ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år er også lagt til ramma. For 2014 er dei økonomiske rammene for budsjettet som følgjer:

	2013	2014	Endring
«Objektiv ramme»	58 120 000	54 732 000	-5,8 %
Omstilling	3 000 000	6 000 000	+ 100 %
Kommunale/regionale næringsfond	10 800 000	0	- 100 %
Utsette kommunar	800 000	0	- 100 %
<b>SUM statlege øymerka midlar</b>	<b>72 130 000</b>	<b>60 732 000</b>	<b>- 15,8 %</b>
Midlar frå fylkesbudsjettet	2 981 000	3 026 000	+ 1,5 %
Opptente renter	2 773 000	2 402 000	- 13,3 %
<b>Total ramme</b>	<b>77 884 000</b>	<b>66 160 000</b>	<b>- 15,1 %</b>

Som det går fram av oversikten er det ein reduksjon på 15,8 % i dei statlege midlane frå 2013 til 2014. Hovudgrunnen til reduksjonen er at øymerka midlar til kommunale/regionale næringsfond er tatt bort. Det same er midlar til utsette kommunar. I tillegg er «objektiv ramme», dvs. midlar som fylkeskommunen står friare til å disponera redusert med 5,8 % eller nesten 3,4 millionar kroner. Det er også ein liten nedgang i opptente renter. Ramma til omstilling er fordobla og kan i tillegg brukast noko friare enn tidlegare.

Frå 1. januar 2014 er det innført ein ny Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og nye statlege retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar. Saman med det årlege oppdragsbrevet regulerer desse dokumenta forvaltinga og bruken av dei statlege virkemidla. Av dokumenta går det fram kva fylkeskommunen kan gjere med midlane:

- Forvalte midlane sjølv ved å utarbeide tilskottsordningar etter nærare fastsette reglar. Unntaksvis kan det tildelast enkelttilskott ved særskilt å namngi mottakaren i budsjettvedtak fatta av fylkestinget.
- Delegera forvaltinga til kommunar, regionråd, IN, SIVA, Forskingsrådet, andre offentlege forvaltarar og unntaksvis til ikkje offentlege heileigde aktørar.
- Finansiera utviklingsprosjekt/program i regi av fylkeskommunen.
- Medfinansiera nasjonale program og satsingar.
- Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre føremål.

Det er vidare ein stor grad av samsvar mellom dei overordna styringssignala frå statleg nivå, og dei prioriteringane som ligg i næringsplanen og handlingsprogrammet.

Dei fylkeskommunale midlane kan forvaltast noko friare enn dei statlege midlane. I fylkeskommunen sitt budsjett for 2014 legg desse føringane knytt til budsjettet for handlingsprogrammet

- Fylkeskommunen sitt bidrag til VRI-programmet skal gå frå HNH-budsjettet.
- Satsinga på 2 millionar kroner til klimaretta tiltak blir vidareført.
- Inntil 1,2 millionar kroner skal nyttast til å dekke administrative kostnader knytt til forvaltinga av midlane i 2014. Dette er ei oppfølging av Handlefridom II.

I ei eiga sak som blir lagt fram for fylkesutvalet tilrår fylkesrådmannen at delar av midlane skal gå til å støtte regionale næringsretta utviklingsaktørar. For 2014 inneberer dette eit forslag om totalt 8,19 millionar kroner. Det er vidare vedtatt å vidareføre støtta til Innovasjon Noreg for å få ei styrka satsing på entreprenørskap og innovasjon, med ei eiga stilling til dette.

### Kommentarar til budsjettpostane

Nedanfor følger forklarande kommentarar til dei ulike budsjettpostane. Sjølve budsjettet er vist på neste side. Budsjettet er lagt noko om frå tidlegare år for å samsvare betre med hovudstrategiane i handlingsprogrammet. For samanlikning er det tatt med eit «tilpassa» budsjett frå 2013. Nedtrekk i rammene pluss bortfall av øymerka statlege midlar til regionale næringsfond og til utsette kommunar gjer at det generelt må bli kutt innafor dei fleste budsjettområda. Rom for friare bruk av omstillingsmidlar gjer likevel eit visst handlingsrom.

### A. Bedriftsretta verkemidlar

Fylkeskommunen overfører til Innovasjon Norge verkemidlar som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Midlane går til einskildbedrifter og etablerarar som lån og ulike former for økonomisk støtte. Fylkesrådmannen ser på dette arbeidet som svært viktig, og rår til at det for 2014 blir overført 30 millionar kroner til IN. Dei bedriftsretta virkemidla utgjør dermed 49,4 % av dei statlege overføringane. Forholdet i 2013 var 48,5 %. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge vil krav og forventingar bli nærare kommentert.

### B. Tilrettelegging for næringsutvikling

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten rettar seg mot dei sentrale utfordringane i handlingsprogrammet, og har som siktemål å realisera hovudstrategiane og andre prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet gjennom søkbare tilskottsordningar. Midlane er fordelte på budsjettpostane B -1 til B -5. Det blir lagt til grunn at ein administrativt kan omfordele innanfor desse postane avhengig av behov og søknadstilgang, men og slik at satsinga på klimaretta tiltak blir på minst 2 millionar kroner. Dei klimaretta tiltaka skal primært vere knytt til ein av hovudstrategiane, eller eitt eller fleire innsatsområde under bransjesatsingar.

Delar av denne posten er bundne midlar til ulike program og til støtte til samarbeidsaktørar. Desse er summert i postane B-5 og B-6.

- Avsett beløp til VRI-programmet er i tråd med tildeling frå Noregs forskingsråd for perioden 2014-16
- Det er ikkje avsett midlar til Kulturelt utviklingsprogram, då dette ikkje er med som ei føring i fylkeskommunen sitt budsjett for 2014
- Midlane avsett til Entreprenørskapsatsing IN er i tråd med inngått avtale med Innovasjon Norge.

Det er også sett av ein sum til å dekke fylkeskommunal støtte til ulike regionale næringsretta utviklingsaktørar. Fordelinga på den einskilde aktør skjer i eiga sak til fylkesutvalet. Auken i denne posten frå 2013 er ikkje så stor som budsjettet indikerer då fleire av dei aktuelle aktørane tidlegare blei støtta over dei «søkbare» midlane. Støtta til inkubatorar og næringshagar er også overført frå Omstilling og nyskaping til denne posten. Også støtte til NCE Subsea, UPTIME og filmfondet FUZZ, som tidlegare sto på eigne postar i budsjettet, er overført hit.

### C. Regionale næringsfond

I dei statlege overføringane er det ikkje lengre øyremerka midlar til regionale/kommunale næringsfond. Det er no opp til fylkeskommunen om dei vil prioritere midlar til regionale næringsfond innafør den tildelte ramma. Dette er særst vanskeleg å få til på grunn av at den ordinære ramma er tatt ned med 15 %. For å oppretthalde ei viss finansiering av regionale næringsfond blir 4 millionar kroner av midlane tildelt til regional omstilling, omfordelt til regionale næringsfond.

Midlane skal forvaltast lokalt, og medverke til å løyse ut verdiskapingspotensialet i fylket sine regionar. Dei skal nyttast i tråd med prioriteringane i næringsplanen og handlingsprogrammet, fortrinnsvis til mindre og lokale prosjekt. Midlane skal vere søkbare og skal kunngjerast av regionråda.

Det ligg stor eigenverdi i at kommunane, særleg dei minste kommunane, samarbeider om utviklingsprosjekt. Dette gjev synergjar både i relasjon til kompetanseutvikling, erfaringsutveksling og med tanke på å bli utfordra på å tenkje vidare enn sin eigen kommune. Dette legg også eit godt grunnlag for samarbeid om tiltak/prosjekt kor fleire kommunar står saman.

Eg vil kome attende med forslag til fordeling av desse i ei eiga sak.

### D. Omstilling og nyskaping

Dei statlege skjønnsdelingane til fylkeskommunane er fordelt etter innspel frå kvar fylkeskommune. I vårt innspel til departementet vart det vist til analysar frå Telemarksforsking, Næringsbarometeret for Hordaland samt dei generelle utviklingstrekk i fleire viktige næringer for Vestlandet, der mykje tyder på at fylket vårt vil møte store utfordringar dei neste fem åra. Vi har ikkje nemnt konkrete tiltak eller prosjekt eller summar i vårt

innspelsbrev. Av tildelingsbrevet går det vidare fram at desse midlane ikkje lengre er øyremerkt til formålet, og difor kan omdisponerast om fylkeskommunen ser behov for det.

Tidlegare år har ein monaleg del av desse midlane gått til inkubatorar og næringshagar, som no er overført til ein annan budsjettpost. Når no dei øyremerka midlane til regionale næringsfond fell bort i 2014, finn ein det riktig å omdisponera delar av desse midlane til slike fond.

Virkemiddel under "Omstilling og nyskaping" skal i utgangspunktet nyttast til tiltak i område som står ovanfor omfattande utfordringar knytt til sysselsetting og omstilling i næringslivet. Sårbare område (lokalsamfunn, kommunar eller regionar) vil vere område med store hjørnesteinsbedrifter, stort innslag av konjunkturavhengige bransjar eller næringsliv prega av omfattande omstrukturering. Midlar til tilretteleggjande tiltak blir forvalta av fylkeskommunen, medan midlar til bedriftsretta tiltak blir overført til IN.

Fylkesrådmannen vil kome attende med ei eiga sak om fordeling av midlane på ulike prosjekt og tiltak.

#### *E: Utsette kommunar*

I 2013 var kom dette inn som eit nytt tiltak med øyremerka midlar i dei statlege overføringane. Dette er tatt bort igjen i 2014 og det er overlatt til fylkeskommunane å prioritere dette innafor dei ordinære midlane. Dei to kommunane som var med i ordninga i 2013 var Granvin og Ulvik. Fylkesrådmannen finn ikkje rom for å vidareføre denne ordninga i 2014, og tilrår at den blir avvikla. Kommunane kan søkje dei ordinære midlane om støtte til vidareføring av konkrete prosjekt.

#### *F: Forvaltning.*

I dei statlege retningslinene er det opna for at fylkeskommunen kan nytte inntil 5 % av den ramma som blir forvalta til administrative forvaltingsoppgåver. Det er sett av kr 1,2 millionar kroner til dette føremålet i 2014.

## Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 – budsjett

Hovudpost	Delpost	Budsjett 2013	Budsjett 2014
A: Bedriftsretta virkemidlar	A-1: Frie søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	35 000 000	30 000 000
	<b>Sum bedriftsretta midlar</b>	<b>35 000 000</b>	<b>30 000 000</b>
B: Tilrettelegging for næringsutvikling, inkl. øyremerkte midlar	<b>Søkbare midlar/Tilskottsordningar</b>		
	B-1 Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	9 174 000	5 020 000
	B-2 Hovudstrategi 2: Relevant kompetanse		5 000 000
	B-3 Hovudstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	2 000 000	4 000 000
	B-4: Bransjeretta tiltak,	10 000 000	3 000 000
	B-5: Klimaretta tiltak:	2 000 000	2 000 000
	<b>Sum søkbare midlar/Tilskottsordningar</b>	<b>23 174 000</b>	<b>19 020 000</b>
	<b>B-6 Øyremerkte midlar til program</b>		
	- VRI programmet	1 150 000	850 000
	- Kulturelt utviklingsprogram	1 000 000	0
	- Entreprenørskapssatsing IN.	900 000	900 000
	<b>Sum øyremerkte midlar til program</b>	<b>3 050 000</b>	<b>1 750 000</b>
	<b>B-6 Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar</b>	<b>1 400 000</b>	<b>8 190 000</b>
	<b>Totalt til tilrettelegging:</b>	<b>27 624 000</b>	<b>28 960 000</b>
C. Regionale næringsfond	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	10 800 000	4 000 000
D: Omstilling og nyskaping	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	3 000 000	2 000 000
E: Utsette kommunar	Kapasitetsbygging i utsette kommunar til lokalt utviklingsarbeid	800 000	0
F: Forvaltning	Delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune	1 250 000	1 200 000
<b>SUM:</b>	<b>TOTAL RAMME</b>	<b>77 884 000</b>	<b>66 160 000</b>

### 6. Kommentar til saksgang.

Dei siste åra har Regionalt utviklingsprogram gått til handsaming i dei faste politiske utvala før den blei fremma for fylkesutvalet. Arbeidet med nytt Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland blei meir tidkrevjande enn planlagt. Vidare har innføring av eporte gitt nokre ekstra utfordringar. Regionalt næringsforum er overordna styringsgruppe for arbeidet med handlingsplanen og har stor innverknad på det ferdige utkastet. Det var ikkje mogleg å få til eit møte i Regionalt næringsforum før onsdag 5. februar og planen og saka kunne ikkje bli gjort ferdig før etter dette møtet. Dette gjorde at tida blei for kort til å rekke handsaming i sektorutvala før møtet i fylkesutvalet 20. februar. Å utsette saka til fylkesutvals møtet 27. mars vil gjere at sakshandsaming av ei rekke søknader som allereie har kome inn må utsettast til då.



Fylkesrådmannen tilrår difor i år handsaming i fylkesutvalet utan forutgåande handsaming i dei faste utvala. I den grad fylkesutvalsmedlemma ønsker å drøfte dette med medlemmer i dei faste utvala, ber fylkesrådmannen om medlemmene tar partivis kontakt med medlemma i dei faste utvala. Frå neste år legg eg opp til at sak om handlingsprogrammet vil gå til dei faste utvala før handsaming i fylkesutvalet.